



Mesterbygg Jæren AS
Aniksdalsvegen 61
4362 VIGRESTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/598 - 18/8982

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 58/113 Lygre indre

Tiltak: Dispensasjon og løyve til oppføring av hytte
Byggjestad: Gbnr: 58/113
Tiltakshavar: Eva Ann Lilleskare
Ansvarleg søkjar: Mesterbygg Jæren AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 22.02.2018, om oppføring av hytte med tilknytning til felles avløpsleidning og etablering av mellombels anleggsveg.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Plangrunnlaget

Sidan verken kommuneplanen eller reguleringsplanen for Buskneset viser byggegrense mot sjø, gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. (Sjå vedlagte uttale frå departementet). Før kommunen kan gje løyve til bygging av hytte, må det ligga føre dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

Grunngjeven søknad om dispensasjon

må sendast inn. De må søka om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. Sjå vedlagt dispensasjonsrettileiar, som også inneheld eit enkelt søknadsskjema som de kan bruka, eller de kan skriva eit eige brev.

Dispensasjonssøknad skal i utgangspunktet nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad for dei som alt er varsla, fordi dette gjeld bygging i samsvar med planen, og alle som er varsla er innforstått med at det kjem ei hytte her.

Søknad om utsleppsløyve

Utsleppsløyvet frå 1993 gjekk ut etter 3 år, jf side 2 i vedtaksbrevet. Det må søkast på nytt, sidan anlegget

for denne eigedommen ikkje vart opparbeidd innafor fristen. Tilknytning til fellesanlegg er dokumentert. Løyve til å leggja avløpsleidning på naboeigedom må dokumenterast.

Nabovarsling

Gjenbuarar på gbnr 58/118 og 58/20 må varslast. Det er berre 15 m avstand til desse eigedommane, og dei ligg om lag like høgt i terrenget. E-post med svarpost (ikkje automatisk svar) kan brukast. Kvitteringar og kopi av nabovarsel skal sendast inn samla etter at fristen for merknader har gått ut, med eventuelle merknader og ansvarleg søker sin kommentar.

Situasjonsplanen

er ikkje målsett. Ytre mål på bygningen og avstand til nabogrenser må visast. Utan desse måla er det vanskeleg å finna ut om koordinatpunktet kjem innafor grunnmuren.

**Hytteplasseringane er koordinatbestemte og den
einskilde hytte skal plasserast slik at koordinat-
punktet fell innanfor grunnmuren.**

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20. mai 2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon, slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

58-113_naboliste
NKF_dispensasjon
Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen - ny 2017

Vedlegg:

58-113_regplan

58-113_kart

Kopi til:

Eva Ann Lilleskare

Lyshovden 332

5148

FYLLINGSDALEN

Mottakrar:

Mesterbygg Jæren AS

Aniksdalsvegen 61

4362

VIGRESTAD